

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

Rutinar for journalføring av korrespondanse til og frå Vestland fylkeskommune skal vere i arkivplan for Vestland fylkeskommune. Denne arkivplan er under arbeid, forventa ferdig 1. april 2020. Arkivplan for Vestland bygger på arkivplanane for Sogn og Fjordane fylkeskommune som vart godkjend 01.01.2018 og Hordaland fylkeskommune sin som vart godkjend medio 2019. Rutinar seier at alt som er arkivverdig skal journalførast. Inntil vidare vert dei godkjende rutinane fulgt.

Det er lagt til rette for sikker korrespondanse som går direkte til sak/arkiv gjennom digitale løysingar.

Det som er journalført i sak/arkiv vert publisert på offentleg journal og der kan ein be om innsyn i dokumenta. I tillegg kan ein be om innsyn til dokument i fagsystem til dømes rekneskap.

Rutinar for arkivering av dokumentasjon i fagsystem står i arkivplanar for Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar og kjem også i ny arkivplan for Vestland.

Svar på spørsmål nr. 2:

Dei godkjente arkivplanane seier mellom anna at sosiale mediar ikkje skal nyttast for saksbehandling, prinsippet vil vidareførast i ny arkivplan.

Dersom det kjem merknadar til sak, svar på spørsmål eller liknande, skal den som tek i mot dette gi beskjed om at dette skal sendast gjennom ordinære kommunikasjonskanalar for saksbehandling, til dømes eDialog eller post.

SMS, som er sendt direkte til saksbehandlar og som dannar grunnlag for saksbehandling eller er ledd i pågående saksbehandling, skal registrerast i sak-/arkivsystemet ePhorte.

Dette er eit viktig område som Vestland fylkeskommune må ha kontinuering fokus på for å sikre god rutinar og etterleving igjennom informasjon og opplæring